



Norsk studentorganisasjon

Lakkegata 3 / 0187 Oslo

T: 22 04 49 70

F: 22 04 49 89

E: [nso@student.no](mailto:nso@student.no)

W: [www.student.no](http://www.student.no)

## Innspel til Forskingsmeldinga 2013 frå Norsk studentorganisasjon

*”Studentar er ein viktig del av akademia, og har kompetanse og interesser som gjer at det er viktig å ta stilling til og meine noko om forskingspolitikk.”*

### Innspel til forskningsmeldinga 2013.

NSO set pris på at Kunnskapsdepartementet vil leggje fram ei ny stortingsmelding om forskning.

NSO ser på forskning som uløseleg knytt til høgre utdanning, særleg gjennom FoU-basert utdanning og studentaktiv forskning. Derfor ynskjer me å koma med eit innspel til arbeidet som inneheld våre synspunkt. Studentar er ein viktig del av akademia, og har kompetanse og interesser som gjer at det er viktig å ta stilling til og meine noko om forskingspolitikk.

NSO kjem i størst grad til å koma med innspel som tek føre seg forskning i høgre utdanningsinstitusjonar. Det bygger på forståinga av at sjølv om 2/3 av FoU-arbeid skjer utanfor denne sektoren, er sektoren ein premissleverandør, både gjennom sterke grunnforskningsmiljø, men og fordi det er her forskarar tek mesteparten utdanninga si her til lands.

Ein måte å dele forskingspolitikk inn på er finansiering, organisering og prioritering. Alle dei tre gjeng sjølvsgatt i kvarandre, men i dette innspelet vil kvar av desse delane ha sitt kapittel.

### Finansiering

Det er gjennom å skape rom for styring og leiing forskingspolitikken skal settast i verk, ikkje gjennom utstrekkt bruk av insentiv eller øyremerking. Det krev sjølvsgatt at det vert gjeve klare tingingar frå styresmaktene si side.

NSO er skeptiske til at det i det heile skal vera eit mål i seg sjølv å freiste å måle kor mykje ein får att av dei økonomiske ressursane ein legg inn i sektoren. Kvantitative målingar har ein plass som grunnlag for strategiske diskusjonar, men ein må kontinuerleg vurdere kor vidt dei kvantitative indikatorane ein nyttar er dei mest gunstige verkemidla for å nå ynskt mål. Ein må vere meir oppteken av å leggje opp til at ein skal ha gjennomgåande god kvalitet på både FoU-arbeid og utdanning, gjennom kontinuerlig vurdering av styringsmekanismar på leiarnivå.

Næringslivet og privatpersonar må i større grad inspirerast til å sjå viktigheita og relevansen av å satse på FoU. Regjeringa må satse på ulike tiltak for å få fleire til å bidra til FOU-arbeid.

### Budsjettering

I finansieringa av FoU er det trong til langsiktigheit og til dels risikofylte prosjekt: ein veit ikkje på førehand kva resultat ein får, og det kan ta lang tid. Ein slik tankegang kan vera utfordrande i det politiske landskapet, der ein ofte er avhengig av å kunne syne til resultat med jamne mellomrom. Det er derfor viktig å leggje opp til ei budsjettering som kan ta omsyn til langsiktigheita.

### Grunnløyving

Grunnløyvinga til utdanningsinstitusjonane er meint å skulle sikre stabilitet og føreseieleg drift for institusjonane. For å bidra til dette meiner NSO at ein bør gå over frå ei 60/40 fordeling på studieplassfinansiering til 80/20. Det vil senke insentivet om å ta inn fleire studentar

enn kapasiteten tilseier at ein har plass til. Insentivet var ikkje meint å opne for at institusjonane skulle ta inn fleire studentar for å betre eigen økonomisk situasjon i eit korttidsperspektiv, men å gje eit insentiv for å sørge for at studentane ein tok inn fullførte. Vitskaplig tilsette på institusjonane er ikkje anten forskar eller undervisar, men både delar. Derfor er det viktig å sjå heilskapen både i tidsbruk og økonomiske rammer.

### **RBO**

NSO meiner at den resultatbaserte komponenten (RBO) skal vere monaleg mindre enn grunnløyvinga.

Publiseringspoeng slik det praktiserast i dag gjev eit for stort fokus på tidsskrift som formidlingskanal. NSO meiner at formidling av forskning til eit breiare publikum enn dei vitskaplege miljøa er avgjerande for forskingens viktige stilling i samfunnet og det må vere eit mål at dette ikkje blir ei side-geskjeft for forskarar. Eit døme på viktig utviklingsarbeid som burde gje betre utteljing enn i dag er skriving av lærebøker og anna læremateriell. Systemet vektlegg i dag publiseringskanalar retta mot andre forskarar, ikkje samfunnet. Dette kan føre til ein ukultur der talet på artiklar blir viktig i kraft av mengde framfor kvalitet og originalitet. Kriteria som ligg til grunn for godkjenning av publiseringskanalar vart utarbeidd i 2004, det er på tide å evaluere og sjå på utviding av desse kriteria.

### **Noregs forskingsråd og EU**

NSO er positive til norsk deltaking i ERC og EUs rammeprogram for forskning. Det gjev høve til viktige og gode internasjonale samarbeid. Samstundes så er det slik at EU har andre forskingspolitiske prioriteringar enn Noreg, derfor er det viktig at insentiva for å delta i EUs rammeprogram ikkje er sterkare enn det insentiva for å arbeide innanfor Noregs forskingsråd (NFR) er.

Utteljing i NFR krev i dag at institusjonane sjølve stiller med ein eigendel. NSO ynskjer at NFR skal ta ein større del av prosjektkostnaden. Det vil føre til at færre får utteljing, men gjer det mogleg for institusjonar å behalde meir handlingsrom internt. Ei slik spissing av midlar er og i tråd med NSOs ynskje for forskingsprioriteringar det ein skal satse tydelegare på dei beste forskingsmiljøa.

For å få betre utteljing i EU er det viktig å satse på arbeid med søknadar, men det økonomiske insentivet frå NFR bør reduserast.

## **Organisering**

### **Leiing**

NSO meiner at mykje av nykelen til ynskt utvikling på forskingsfeltet handlar om leiing, både forskingsstrategisk- og forskingsleiing. Det gjeld heilt i frå stortings- og departementsnivå og ned til instituttstyre. Forskingssystemet må byggjast på ein måte som støttar opp om ei medviten og føremålstenleg leiing på alle nivå. Det handlar altså både om finansieringssystemet, prioriteringar og samarbeid. Den delen av debatten som handlar leiing håpar me at vert drege opp i større grad i neste forskingsmelding.

### **Studentaktiv forskning og FoU-basert utdanning**

For høgre utdanningsinstitusjonar er det essensielt å sjå samanhengen mellom forskning og utdanning, og arbeide etter eit slikt syn. Det inneber å sjå viktigheita av å leggje opp til studentaktiv forskning heilt i frå bachelornivå og ikkje vike på kravet om FoU-basert utdanning. Både studentaktiv forskning og FoU-basert utdanning har meining og verdi utover rekruttering og arbeidslivsrelevans, det er og viktig for forskinga i seg sjølv. Forskingsbasert utdanning og studentinvolvering i forskning bør vera integrert i alle studieprogram. Det er framleis eit stort behov for å arbeide med dette i sektoren og me meiner det må leggjast opp til dette gjennom komande forskningsmelding.

FoU-basert utdanning skal gjera studentane i stand til å bidra i fagleg utvikling gjennom kritisk tenking, refleksjon og innsikt i vitenskapleg metode i studiar og arbeidsliv. Det er viktig for at studentane sjølv skal kunne vera ein premissleverandør for god utøving og kontinuerleg utvikling av sitt fagfelt.

NSO ynskjer og å spela inn ei ny satsing innanfor studentaktiv forskning: Studentinitiert FoU-arbeid. Me meiner det bør leggjast opp til av studentar sjølve kan initiere forskings- og utviklingsprosjekt, og få stønad frå fagmiljøa til å utvikle gode idear. Det vil både kunne gje innovative idear inn i forskning, men og skape interesse for forskning og slik bidra til rekruttering og meir innovasjon i arbeidslivet. For å støtte opp om dette bør det opprettast ei søknadsbasert nasjonal finansieringsordning.

### **Rekruttering og forskarutdanning**

Regjeringa har dei siste åra satsa på doktorgradsproduksjon i Noreg. NSO meiner at det trengs fleire stipendiatar i Noreg, men etterlyser ei grundig analyse av behovet for stipendiatar til arbeids- og næringslivet, samt kapasiteten hjå institusjonane til å auke inntaket som grunnlag for eit måltal.

Samstundes meiner NSO at ein bør sjå spesielt på kor vidt den auka satsinga på doktorgradar gjeng utover av samfunnsoppgåver institusjonane har, som til dømes bachelorutdanningane. Derfor er det viktig at institusjonane vert oppmoda om å utarbeide rekrutteringsplanar der ein ser i samanheng institusjonens faglege prioriteringar, arbeidsdeling i sektoren og trongen til Ph.D-utdanna kandidatar til samfunnet.

Ordninga med nærings-Ph.D har i våre auge vore ei god ordning, men NSO ynskjer at ein ser på å utvide ordninga til å gjelde heile arbeidslivet. Det er fleire delar av offentleg sektor som godt kunne ha den tilgangen på forskingsressursar som det ville innebære, og NSO ville støtte ei utgreiing om ei oppretting ev ei slik ordning.

### **Kjønnsbalanse**

Av omsyn til kvaliteten på både forskning og utdanning er det viktig med ein større kjønnsbalanse i academia. Det må arbeidast vidare med å prøve ut og setje i verk tiltak for å halde på kandidatar i overgangen frå stipendiat til fast tilsett og til professor.

### **Noregs forskingsråd og sektorprinsippet**

NFR har i dag ei viktig rolle på fleire punkt. Det skal gje faglig grunna råd til styresmaktene, har ansvar for å realisere forskingspolitikken og skal ha ein møteplassfunksjon for sektor og

samfunnsliv. Dei ulike rollene til NFR gjer at rolleforståing i det daglege virket vert essensielt. NSO meiner nok at samfunnsoppdraget til NFR stend fram som noko uklårt.

Ettersom NFR skal ivareta prioriteringane til alle dei ulike departementa er det viktig at NFR maktar å sjå ein samanheng slik at resultatet ikkje berre blir summen av prioriteringar, men ein heilskapeleg politikk. For å gjera det mogleg å nytte potensialet må departementa gje NFR større fridom og autonomi til å tenke heilskapeleg på tvers av sektorgrensar.

NSO meiner at kvart departement må leggje fram ein strategisk plan for FoU for sitt område, og desse skal opp i Stortinget som grunnlag for avgjersler i forkant av ny stortingsmelding om forskning.

### **SAK - Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon**

Slik NSO ser det har SAK-prosjektet ført til ein god del meir samarbeid, og noko konsentrasjon. Men det er framleis trong til meir arbeidsdeling. NSO ynskjer seg ei satsing på dei aller beste innan forskning i Noreg, det inneber ein sterkare konsentrasjon av midlar. Sektoren må og syne vilje til å sjå fagmiljø frå eit meir nasjonalt perspektiv og deretter vurdere føremålstenleg organisering og arbeidsdeling. Her er det viktig å understreke at robuste og gode fagmiljø ikkje nødvendigvis utelukkar små fagmiljø.

### **Publisering og formidling**

Formidling til samfunnet skal vera målet for vitskaplege publiseringar. Det er og eit mål at offentleg finansiert forskning skal vera så opent tilgjengeleg som mogleg. Derfor er det viktig å kontinuerleg utvikle dei systema vi har for publisering og formidling av forskingsresultat. Tilgangen til forskingsresultat er avgjerande for kor vidt han bli nytta og lese utover eige fagmiljø og academia. NSO ser på dobbeltpublisering som ein god måte å både vareta fagmiljøets interesse i å publisere i anerkjende tidsskrift men samstundes sikre retten til å arkivere og på eit tidspunkt eventuelt publisere resultat og artikkel i opne arkiv og kanalar. For å gjere retten til dobbeltpublisering til ei norm snarare enn eit unntak meiner NSO at statlege institusjonar skal avstå frå innkjøp av tidsskrift som nektar forskarar å dobbeltpublisere artiklar i opne arkiv.

### **Innovasjon**

NSO ser at neste forskingsmelding er nøydd til å ta føre seg innovasjonsomgrepet knytt til forskning og høgre utdanning. Forskings- og innovasjonspolitik og –prioriteringar handlar om meir enn nyttetenking gjennom til dømes økonomisk vekst og produksjon av etterspurd arbeidskraft. Det breie innovasjonsomgrepet ser ut til å ta opp i seg både publisering og formidling, noko som kan få uheldige konsekvensar. Til det meir snevne innovasjonsomgrepet ynskjer me å peike på at det er og bør vera nærings- og arbeidslivets oppgåve, og heller at forskingsinstitusjonane må ha god kontakt med denne sektoren i innovasjonsarbeidet. Med målet om at offentleg finansiert forskning skal koma ein så stor del av samfunnet til gode meiner NSO at institusjonar berre unntaksvis skal patentere denne type forskingsresultat.

### PRIORITERINGAR

NSO meiner at det skal vera eit grunnleggjande prinsipp å stille spørsmål om kva samfunnsutvikling som er ynskjeleg ved utforminga av norsk forskingspolitikk. Vidare må folkevalde politikarar engasjere og bidra til ein brei offentlig forskingsdebatt. Forskingspolitikk er samfunnspolitikk.

Noreg stend framfor fleire utfordringar i tida som kjem der det er truleg at forskning kan bidra til gode løysingar. Det gjeld både for næringsutvikling og arbeidsliv, velferdsstaten og utvikling i demografi, og klima og berekraftig utvikling.

NSO meiner det er trong til klåre planar både når det gjeld auke i ungdomskull og eldrebylgja. Det trengs forskning som kan liggje til grunn for desse planane.

Noreg har og eit ansvar for å bidra til løysingar på globale utfordringar. Det gjeld både spørsmål knytt til klimakrisa, finanskrisa, matsikkerheit, demokrati, demografi, og global ressursfordeling og -nytting.